



NOTAT

Tittel: Tilleggssøknad 132 kV Ålfoten – Deknepollen, - nedgradere 66 kV linja mellom Bortne og Olsbø til 22kV, og overføre den til områdekonsesjon.	Doknr./ref. 1416073 / 1
	Dato: 12.07.2018
	Tal sider:
Selskap/utarbeidd av: SFE Nett/Gunnar Vassbotten	Vedlegg:
Mottakarar: NVE	Kopi til: AHIS, ASAA

Tilleggssøknad 132 kV Ålfoten – Deknepollen, - nedgradere 66 kV linja mellom Bortne og Olsbø til 22kV, og overføre den til områdekonsesjon.

Introduksjon:

Vi viser til søknad om konsesjonsendring – 132 kV Ålfoten – Deknepollen, dagsett 04.04.2018. På strekinga mellom Bortne og Olsbø søker vi om å behalde 66 kV linja, endre spenninga til 22 kV, og overføre denne til områdekonsesjonen. Vi vil då i staden sanere den gamle 22 kV – linja på same strekning.

Behovet for 22 kV – nett:

I tilknytning til at vi skal sanere 66 kV – linja mellom Svelgen og Rugsund, har vi behov for å forsterke fleire 22 kV linjer inn til Bremanger og Rugsund. 22 kV – linja mellom Bortne og Rugsund. Ei av linjene som må forsterkast er linja mellom Bortne og Olsbø, som i dag er bygd med FeAl nr 16 og KHf 25. Det behov for å auke tverrsnittet på denne linja, for å kunne overføre meir effekt på 22 kV nettet mellom Svelgen og Rugsund. 66 kV linja mellom Bortne og Rugsund har tilstrekkeleg tverrsnitt til å kunne fungere som 22 kV – nett i framtida. Alternativet til å nytte 66 kV – linja, ville vere å bygge ei ny 22 kV linje i same trase som 66 kV linja går i.

Grunngjeving:


66 kV linja mellom Bortne og Olsbø blei bygd om i 1994 og har venta restlevetid på mellom 30 – 40 år. 22 kV som går parallelt med 66 kV – linja er frå 1964, og har ei restlevetid på 5 – 10 år, og må reinvesterast innan kort tid. Vi vil då behalde 66 kV – linja og heller då rive den gamle linje frå 1964.

Denne endringa vil også gje arealmessige gevinstar på strekninga mellom Bortne og Blålid, sidan vi unngår inneklemt areal mellom den omsøkte 132 kV – linja og den gamle 22 kV – linja.


Dersom denne endringa ikkje vert godkjent vil vi uansett måtte bygge om 22 kV – linja før utgangen av 2025, og då vil traseen for 66 kV – linja vere aktuell. Ei ny 22 kV line ville blitt bygd med H- master med strekk og hengekjeder, og visuelt sjå ut slik som 66 kV – linja, men med litt mindre mastebein og faseavstand. (trasebreidde 5 m for 22 kV og 6 m for 66 kV)

Endringa vil også medføre at det må etablerast tilknytningar til 22 kV avgreiingar, trafo m.m.. Dette blir tiltak innanfor områdekonsesjonen.

Strekninga mellom Borten og Olsbø er ca 5 km, og med endringa vi førelår, vil vi utsette investeringa for ca 10 mill i 30 – 40 år. Vi meiner det er samfunnsøkonomisk riktig å utnytte levetida på eksisterande 66 kV – linje på denne strekninga.



Lilla linje er omsøkt 132 kV ledning. Grøn linje er eksisterende 66 kV om vert omsøkt nedklassifisert til 22 kV, og overført til områdekonsesjon. Gul linje er eksisterende 22 kV linje, som blir sanert



Grøn linje er eksisterende 66 kV om vert omsøkt nedklassifisert til 22 kV, og overført til områdekonsesjon. Gul linje er eksisterende 22 kV linje, som blir sanert. Blå linje er nye 22 kV linjer som må byggast for å kople til avreiingane.

Tiltaka med omlegging og sanering er planlagt innan utgangen av 2025